

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2016/266-6
		Arkiv: 614
		Saksbeh: Gerd Nerbø
		Dato: 20.02.2017

## Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
	Livsløpsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

### Oppstart prosjekt 303201 Tilrettlagte bustader Bergtun bufellesskap

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner oppstart av prosjektet 303201 Tilrettelagte bustader Bergtun bufellesskap slik det går fram av saksutgreiinga. Rådmannen får delegert mynde til å gjennomføre utbygginga innanfor vedtatt budsjett og økonomiplan.

#### Vedlegg

- 1 Framdriftsplan februar 2017
- 2 Organisasjonsplan Nye omsorgsbustader Bergtun

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Dette er gjennomført ei kartlegging i samarbeid med helsestasjonen og skolen som viser at det er venta ei auke i talet på unge funksjonshemma i åra som kjem. Dette er personar som har rett på tenester frå Aukra kommune.

Avdelingsleiar ved Bergtun mottek også direkteførespurnader frå familiar som ønsker omsorgsbustadar til sine funksjonshemma barn.

I dag er det åtte omsorgsleiligheter i hovedbygget ved Bergtun, og i tillegg fire leiligheter som er lokalisert rett ved. Av desse er berre to tilknytt bufellesskapet i dag. Dei to andre vert nytta til kvardags-rehabilitering for andre brukargrupper.

Aukra kommune eig dei to nabolomtene sør for Bergtun bufellesskap. Det er meldt oppstart for regulering av dette området, og reguleringsplana skal leggest ut til offentlig ettersyn i april-mai. Foreldre til born med funksjonsnedsetting har kontakta kommunen for å undersøke om det let seg gjere å bygge private bustader ved bufellesskapet. Det vert difor vurdert om ein skal sette av eit område for dette i reguleringsplana.

Etter regulering av området vert kommunaltekniske anlegg til tomtene prosjektert og anbod utlyst for bygging av desse, jfr. prosjekt 645207 Utbygging av Falkhytten Bergtun Aust.

### **Utgreiing:**

Det vert anslått eit behov på inntil åtte nye omsorgsbustader ved Bergtun i åra som kjem (10-års periode). Dette er usikre tal då ein ikkje kjenner tenestebehov for familiar som flyttar inn til kommunen. Det kan verte behov for bustader for bebuarar med plasskrevjande tekniske hjelpemidlar. Denne brukargruppa kan ha behov for treningsfasilitetar, og at det er nattevakt i umiddelbar nærleik.

Løyvinga i gjeldande budsjett og økonomiplan til prosjekt er på tilsaman 7,2 millionar kroner. Det let seg ikkje gjere å bygge fleire leiligheter fysisk tilknytt eksisterande bygg. Det må difor etablerast eit nytt bygg for dei nye bustadane. Løyvinga og det kartlagte behovet tilseier at det må planleggast eit bygg i fleire byggetrinn, der to bueiningar og eit «nattevaktrom» vert bygd i første byggetrinn.

Prosjektet vert organisert etter Aukra kommune sin tradisjonelle modell (sjå vedlegg). Brukarmedverknad er viktig også i dette prosjektet. Brukarar, pårørande, fysio- og ergoterapeut vil bli tatt med i planlegginga. Rådet for likestilling for funksjonshemma vil bli orientert om prosjektet tidleg i prosessen, og dei er forslått med ein representant i referansegruppa for prosjektet.

Det har vore arbeid med behovskartlegging og romprogram haust/vinter 2016. Det er no skrive kontrakt med eksterne rådgjevarar og arbeidet med konkurransegrunnlaget skal etter plana vere ferdig i løpet av april 2017. Kontrakt med valt entreprenør skal signerast i løpet av sommaren 2017, og bygget er planlagt å stå ferdig innan 1.oktober 2018.

Prosjektet skal etter plana lysast ut i to trinn. Først ein enkel anbudskonkurranse for å skaffe arkitektbistand for å lage ein situasjonsplan som viser plassering av bygningar, kommunikasjon mellom bygga og trafikk/parkeringsareal for heile området. samt ei rom- og funksjonsplan. Deretter vert bygget lyst ut som ein totalentreprise.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Det er vart løyvd tilsaman 7,1 millionar til prosjektet i budsjett og økonomiplan 2017-2020. I tillegg vart det løyvd kr. 100.000,- planleggingsmidlar i 2016.

Kalkulert budsjetttramme og forslag til romprogrammet viser at ein kan bygge to omsorgsbustader i første byggetrinn. Størrelse på kvar bueiningane er ikkje avklart enno.

Omsorgsbustader med heildøgns omsorg vil kunne motta investeringstilskot frå Husbanken på inntil 1,44 millionar kroner pr. bustad (2017). Aukra kommune vil sende ein førespurnad til Husbanken om dette så snart romprogram for bygget er klart.

Driftsutgifter skal finansierast gjennom husleige. Denne vert fastsett av utleigar.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Terje Urdshals  
Utbyggingssjef